

**SAK 4/23****GRØN VEKST HALLINGDAL - HALLINGDAL BEREKRAFTSSENTER****Saksopplysing:**

Sparebankstiftelsen Hallingdal har teke initiativ til eit samarbeid omkring klima, berekraft og det grøne skiftet. Etter det har Hallingtinget vore positive, kommunane vart med på dette og i sak SAK 47/22 gjorde Regionrådet slikt vedtak:

*«Regionrådet for Hallingdal vedtek å delta i eit forprosjekt som skal avklare om det er realistisk å etablere Hallingdal berekraftssenter.»*

Det vart det løyvd pengar både frå Sparebankstiftinga og frå Sats på Hallingdal til gjennomføring av forprosjektet.

Det vart etablert eit forprosjekt 1. juli 2022. Det har vore organisert slik: Prosjektgruppe (PG)

- Jørn Magne Forland – klimanettverk kommunene i Hallingdal
- Linda Dalene Bjerke- Bærekraftige reisemål (Gol, Hemsedal, Nesbyen, Ål) ,
- Emma Thylander- Leder bærekraft konsern Sparebank1Hallingdal Valdres,
- Øystein Walle- Sparebankstiftelsen Hallingdal,
- Kristian Akervold-Grønn Vekst Hallingdal,
- Bernt Ivar Bergum - Retura Hallingdal

**Styringsgruppe (SG):**

- Jan Olav Helling, Regionrådet
- Merete Høntorp Gandrud, Flå kommune
- Gudbrand Gulsvik, Næringslivsrepresentant
- Stian Bogar, Hallingdal Næringshage
- Ragnhild Kvernberg, Sparebankstiftelsen Hallingdal

Prosjektgruppa har utarbeid ein sluttrapport som Styringsgruppa i har slutta seg til. Forprosjektet kar konkludert slik:

**Etablering av Hovudprosjekt**

Styringsgruppa meiner det er realistisk å etablere eit hovudprosjekt så snart som mogeleg. Det betyr i praksis å få på plass folk, bygge fagmiljø, samle kompetanse og få til ei styrking av klima/berekraftssamarbeidet i Hallingdal basert på minimum 4 finansierte stillingar i 2023.

Fleirtalet i styringsgruppa gjekk inn for at namnet på fagmiljøet skal vere **Grønn vekst Hallingdal**

**Lokalisering**

Styringsgruppa ønskjer ei delt løysning der lokalisering kan være delt mellom Flå og Torpmoen, med kontor begge stader. Me ønskjer eit samarbeid som er så fleksibel som mogeleg, men plikt til oppmøte ein stad til faste tider for å bygge team.

**Mål: Grønn vekst Hallingdal skal i løpet av 2024 ha minst 6 stillinger knytt til seg.**

Interkommunal klimakoordinator. Fast stilling, finansiert 50% fast frå kommunane, 50% midlertidig frå Viken, samt garantiar frå SB stiftinga. Stillinga er foreslått lagt til Regionrådet.

Sirkulærøkonomistilling 3 årig stilling lokalisert i Hallingdal, jobbar for heile Viken, finansiert av Viken Stilling ligger til Regionrådet (blir lyst ut som 3 årig)

Rådgjevar reine vassdrag. Finansiert fram til sommar 2023 - stilling ligg til.  
Elin Lie er tilsett.

Ungt entreprenørskap. Stillinga vil jobbe på alle skulenivå. SBS vil bidra slik at det blir ei 100%-stilling. Stillinga er trulig tilsett. Stillinga vil ligge til UE

Andre stillingar som kan koma

Berekraftig reisemål? Dersom næringslivet går inn, vil SBS bidra.

ENØK-rådgjevar: Uavklart

I denne saka blir Regionrådet informert om kva som har skjedd sidan saka var oppe sist, og Regionrådet må ta stilling til nokre organisatoriske spørsmål knytt til oppretting av stillingar.

**VURDERING:**

For å nå berekraftsmåla og møte det grøne skifte har kommunar og næringsliv vore einige om at det er behov for å styrke og samle klimainnsatsen i Hallingdal. Det er derfor svært gledeleg at ein no, på grunn av positive vedtak både i Sparebankstiftinga, i fylkeskommunen og i kommunane, får realisert eit eige grønt fagmiljø i Hallingdal. Førebelser er det 4 stillingar som er klare, Interkommunal klimakoordinator, sirkulærøkonom, ei stilling knytt til reine vassdrag (søppelrydding) og ei stilling som skal jobbe mot skuleverket knytt til Ungt entreprenørskap.

Prosjektet har kome fram til at dei ulike stillingane kan ha ulike arbeidsgjevarar, men at det må vera eit koordinerande ledd. Det er difor tilrådd at dei stillingane som er offentleg finansiert, Klimakoordinator og sirkulærøkonom står med Regionrådet som arbeidsgjevar, mens andre stillingar er knytt sparebankstiftinga, næringshagen eller andre.

Når det gjeld dei to stillingane som er foreslått lagt til Regionrådet, er klimakoordinator finansiert 50% fast frå kommunane, 50% midlertidig eit år frå Viken, samt 2 års garanti frå SB stiftinga. Me foreslår å lyse ut denne fast til tross for at me manglar varig fullfinansiering. Dette tilrår me fordi det er enklare å lyse ut fast, og fordi me trur at det å få tak i folk til stillingane vil bli krevjande

Når det gjeld sirkulærøkonomistillinga så er den 3 årig og finansiert i 3 år, så der er tanken å lyse ut ei midlertidig stilling

Prosjekt- og styringsgruppa er no sikre på at det ein har jobba med i nesten eit år er klar for realisering, og me har verkeleg tru på at styrka klimasamarbeid i Hallingdal og fleire som jobbar mot same mål og mot det grøne skifte vil føre til reduserte utslepp og redusert energibruk og det vil vere bra for næringsliv og utvikling av «grøne arbeidsplassar».

## Forslag til vedtak

1. Regionrådet støttar styringsgruppa sine vurderingar om å etablere eit hovudprosjekt «Grøn vekst Hallingdal», der det skal inngå minimum 4 stillingar, helst 6 stillingar i 2023.
2. Regionrådet vedtek at Interkommunal klimakoordinator blir tilsett i 100% fast stilling og og at sirkulærøkonom blir tilsett i 100% midlertidig 3 årig stilling med Regionrådet som arbeidsgjevar.